

Spesielle miljøtiltak i jordbruket - SMIL

Lokale retningslinjer/tiltaksstrategi for Åmli kommune 2025 - 2028

Bakgrunn:

Åmli kommune får årleg tildelt midlar frå Statsforvalter til Spesielle miljøtiltak i jordbruket – SMIL. Årleg tildeling har variert noko, men i snitt ca 300.000 pr år. Ved behov har ein fått tildelt ekstra midlar enkelte år.

Det er eit krav at kommunen skal ha retningslinjer for vidare tildeling av desse midla. Utarbeiding av retningslinjene skal skje i dialog med Statsforvalter og næringsorganisasjonane. Åmli bondelag får derfor framlegget til uttale.

Tiltaksstrategien skal ha ein årleg gjennomgang og reviderast kvart 4. år.

Føringar for bruk av SMIL-midla

- Nasjonalt miljøprogram for jordbruket 2023-2026
- Forskrift om spesielle miljøtilskudd i jordbruket 4.02.2004 nr 448, sist endra 01.01.2021.
- Regionalt miljøprogram for jordbruket i Agder 2023 – 2026, med Rundskriv 1/2024
- Kommuneplan for Åmli kommune 2019 - 2031
- Temaplan for strategisk næringsutvikling – Åmli kommune
- Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø i Åmli kommune 2020-2024
- Uttale frå lokal næring

Utfordringar:

- Gjengroing av kulturlandskapet
- Verneverdige bygningar er kostbare å vedlikehalde og restaurere
- Behov for utbetring av hydrotekniske anlegg

Verkemiddel :

- Gjennom RMP-ordninga er det ulike tilskot til skjøtsel av kulturlandskap for å stimulere til slått og beite av jordbrukets kulturlandskap, skjøtsel av styvingstre, soner for pollinerande insekt, gravminne, buvegar og bakkemurar som grensar til jordbruksareal i prioriterte område. I tillegg omfattar ordninga tiltak for å redusere forureining til vatn og luft, tilretteleggingstiltak for friluftsliv og tiltak for å ivareta biologisk mangfald.
- SMIL- midla skal gå til tiltak og prosjekt, og er tilskot til investering og istandsetting.
- SMIL-midla kan også gå til skjøtsel i ein avgrensa periode for område av stor verdi med tanke på biologisk mangfald eller kulturminne, sjå Mål og Strategi.
- Tilskot kan innvilgast til føretak som oppfyller vilkåra for å motta produksjonstilskot. Tilskot kan også innvilgast til eigar av landbrukseigedom dersom det føregår ein produksjon på landbrukseigedomen som oppfyller vilkåra for tilskot, forskrift 19. desember 2014 nr. 1817

Mål:

- Fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan forventas gjennom vanleg jordbruksdrift. Prosjekta og tiltaka skal prioriterast ut frå lokale målsettingar og strategiar.

- Halde jordbruksareal i hevd
- Formidle kunnskap om verdiane i kulturlandskapet med verneverdige bygningar slik at dei kan nyttast aktivt i jordbruksnæringa og anna næring bla. reiseliv.

Måla tar utgangspunkt i føringane for bruk av SMIL-midla.

Strategi:

- Vidare satsing på prosjekt med rydding og gjerding av gammal kulturmark for bruk til slått og beite. Bruk av Nofence, elektronisk utstyr som gjerdefunksjon på innmark.
- Utbetring av jordbruksareal med hydrotekniske tiltak
- Vidareføre prosjekt som ivaretar spesielle verdifulle område med tanke på natur- og kulturminneverdiar
- Bidra til restaurering av verneverdige bygningar

Strategien bygger på erfaringar frå aktuelle prosjekt i tidlegare søknader, og dei som er meldt inn så langt for 2025.

Prioriteringar og tilskotssatsar:

- Prioritere yngre, ny-etablerte gardbrukarar med gode tiltak som fremjar natur- og kulturminneverdiane
- Prioritere kulturlandskapstiltak som er innan dei utvalde områda i Regionalt miljøprogram
- Tilskotssats på inntil 50 -60% av godkjend kostnadsoverslag til kulturlandskap og hydrotekniske anlegg med utgangspunkt i «Veiledende enhetspriser 2024-2025»
- Tilskotssats på inntil 10% av godkjend totalkostnad til restaurering av verneverdige bygningar som t.d. stolpehus, eldhus, høybu, badstoge. Med eit tak på kr 50.000 pr tiltak. SMIL- tilskot er utløyande i forhold til tilskot frå fylkeskommunen og Kulturminnefondet.

Søknadsfrist:

Fortløpande gjennom året. Søknad gjennom Altinn.

Vedlegg: «Veiledende enhetspriser 2024-2025» og Rapporteringsskjema for 2024.

Revidert etter høyring i møte 5.02.2025